

# Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnsopplæringa

## **Forord**

Årsrapporten for 2017 for Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) følger føringane i tildelingsbrevet for 2017. Årsrapporten skal gi Kunnskapsdepartementet eit realistisk bilete av arbeidet til utvala og måloppnåinga i året som har gått.

I kapittel I gir kontorsjef Gro Hexeberg Dahl overordna vurderingar av resultatata til og utfordringane framover for begge utvala.

Kapittel II inneheld ei beskriving av verksemda og hovudtala.

Kapittel III er hovuddelen i årsrapporten og den mest omfattande delen. Her beskriv vi aktivitetane i år og resultatata for begge utvala og sekretariatet. Her ligg òg utgreiinga for ressursbruken til FUB og FUG i 2017.

Kapittel IV beskriv styring og kontroll av verksemda.

Kapittel V skisserer framtidsutsiktene.

Kapittel VI presenterer årsrekneskapen.

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>3</b>
<b>Kapittel I Melding frå leiaren</b> .....	<b>4</b>
<b>Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal</b> .....	<b>6</b>
Verksemda i FUB .....	6
Verksemda i FUG .....	7
Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering.....	7
Nøkkeltal frå rekneskapen .....	7
<b>Kapittel III Aktivitetar og resultat i år</b> .....	<b>8</b>
Del 1 Årsrapport FUB.....	8
Del 2 Årsrapport FUG .....	14
Del 3 Verksemda til sekretariatet i 2017 .....	19
Bruken av dei tildelte midlane på kap. 221 2017 .....	19
<b>Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda</b> .....	<b>22</b>
Verksemda si overordna vurdering av styring og kontroll .....	22
Vesentlege forhold ved styring og kontroll .....	22
Fellesføringar.....	22
Andre krav til årsrapporten .....	23
<b>Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter</b> .....	<b>25</b>
<b>Kapittel VI Årsrekneskap</b> .....	<b>26</b>
Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2017.....	26
Prinsippnote til årsrekneskapen.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Oppstilling av løyvingsrapporteringa .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Oppstilling av artskontorrapporteringa.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Vedlegg: Årsrekneskap 2017 .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## Kapittel I Melding frå leiaren

Gode barnehagar og skular er avgjerande for at barn og unge skal oppleve ein god oppvekst og bli rusta til å ta på seg oppgåver i yrkesliv og fritid. Gode barnehagar og skular er òg avgjerande for livssituasjonen til familiane mens barna veks opp.

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) skal arbeide for godt samarbeid mellom foreldra, barnehagen og skulen. Vi er opptekne av barnet og kva tilbod og høve til utvikling barnet har i kvardagen. Alle barn skal oppleve tryggleik og trivsel, utvikling og læring.

Utvala skal bidra til å styrkje kvaliteten i norsk utdanningssektor gjennom å fremje ein open og trygg dialog mellom barnehagen/skulen og heimane. Det er viktige og høge mål vi snakkar om. Men det er komplekse forhold som avgjer om måla blir nådde, og det er ikkje sikkert at det er innsatsen vår som gir resultat. Utvala spør seg om tiltaka er rette. Har vi gjennomført oppgåvene på ein god måte? Gjer vi det lettare å nå desse høge og sentrale måla?

Undersøkingar viser at eit nært og tillitsfullt samarbeid fremjar trivsel og læring hos barna. Men utvala erfarer at det er stor variasjon i korleis foreldra opplever samarbeidet med barnehagen og skulen. Derfor må utvala arbeide vidare for godt samarbeid i åra som kjem. Nye foreldre får barn i barnehage og skule, og samarbeidet må etablerast igjen og igjen.

FUB og FUG har levert høringsfråsegner og uttalt seg i spørsmål der synspunkta til foreldra er viktige. Informasjon og rettleiing retta mot foreldre og tilsette i barnehagar og skular er ei stor oppgåve for begge utvala. Kontakten gir utvala verdifull informasjon om kva som er sentrale spørsmål i samarbeidet mellom foreldra og barnehagen eller skulen.

Samarbeidet med andre aktørar i utdanningssektoren har gitt oss høve til å gjere foreldreperspektivet kjent og til å få foreldresamarbeid med som eit tema i sentrale saker.

2017 har vore eit spennande år med mange oppgåver. FUB og FUG har delteke på mange arenaer. Utvala opplever at vi gjennom dette året har vore ei tydeleg foreldrestemme, og at vi har vore synlege. Det er nødvendig for at foreldra skal bruke oss og utvikle samarbeidet dei har i barnehagen og skulen sin.

Hjartesakene til FUB er mobbing i barnehagen, kvalitet i barnehagen og overgangar. Desse temaa har også i år vore løfta høgt. Vi er glade for at desse sakene er sentrale tema for departementet og andre aktørar i sektoren òg.

FUB heldt ein foreldrekonferanse i år der temaet var inkludering i barnehagen. Den første dagen var berre for foreldre, men til den andre dagen blei fagfolk og forskarar òg inviterte. Dag to blei gjennomført i samarbeid med barnehagepartnarar i Partnerskap mot mobbing.

Det sitjande FUG-utvalet har hatt det andre utvalsåret. Dei har vist stort engasjement for dei prioriterte sakene: læringsmiljø – inkludert førebygging og handtering av mobbing, tilpassa opplæring, spesialundervisning, lærar- og rektorutdanning, opplæring av foreldre, rådsorgana i skulen og gratisprinsippet.

For at så mange foreldre som mogleg skal få betre samarbeid med skulen sin, har FUG valt å vidareføre arbeidet med å møte skuleeigarar gjennom samlingar som Fylkesmannen arrangerer. Her blei materiell til bruk for rektor og FAU-leiar presentert.

Regjeringa har valt å flytte sekretariatet for utvala til Bø i Telemark, noko utvala og sekretariatet har brukt mykje tid og merksemd på det siste halvåret av 2017.

*Gro Hexeberg Dahl*

Gro Hexeberg Dahl  
kontorsjef

## Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

FUB og FUG skal verne om foreldra sine interesser i barnehage og skule og arbeide for eit godt samarbeid til beste for alle barn og unge.  
Foreldreutvala er underlagde Kunnskapsdepartementet.

Utvala skal gi råd til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.  
Utvala skal gi råd og rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagar og skular.  
Utvalet skal samarbeide med aktuelle aktørar på barnehage- og skulefeltet.

Viktige samanhengar i resultatkjeda til utvala:



9,6 årsverk 15 560 000 kroner i samla tildeling	Halde ved like og utvikle kunnskap om samarbeidet mellom heimen og barnehagen/skulen  Gjere kunnskapen tilgjengeleg	Høyringsfråsegner  Foredrag  Rådgiving  Kurs og konferansar  Heimesider Medium / sosiale medium og publikasjonar	KD og Udir har kunnskap om synspunkta til foreldra.  Foreldre og tilsette i barnehage/skule har kunnskap om samarbeid og kor viktig det er med samarbeid.  Sentrale aktørar har kunnskap om kor viktig det er å samarbeide med foreldra.	Bidra til betre samarbeid mellom foreldra og barnehagen/skulen  Bidra til betre barnehagar og skular  Bidra til å gjere barn og unge tryggare og auke trivselen og læringa blant dei  Bidra til å hindre fråfall  Bidra til å jamne ut sosiale forskjellar
--	---	---	--	--

### Verksemda i FUB

*Medlemmer i Foreldreutvalet for barnehagar i perioden 2015–2018*

Marie Skinstad-Jansen, leiar  
Espen Agøy Hegge, nestleiar  
Honoratte Muhanzi Kashale, medlem  
Yngvar Natland, medlem  
Miriam Paulsen, medlem  
Hege Tegler, medlem  
Audun Fiskum, varamedlem

I 2017 har det vore fire utvalsmøte i tillegg til eit ekstraordinært møte.  
Det har òg vore eit nordisk møte med representantar frå dei svenske, finske og danske søsterorganisasjonane.

## Verksemda i FUG

*Medlemmer i Foreldreutvalet for grunnopplæringa i perioden 2016–2019*

Gunn Iren Müller, leiar  
Ole Petter Østerbø, nestleiar  
Ubah Aden, medlem  
Rune Benonisen, medlem  
Henrik Gaup, medlem  
Lise Lundh, medlem  
Elin Refsland, medlem  
Benedicte Mælan, varamedlem  
Jan-Erik Wikdahl, varamedlem

Varamedlem Benedicte Mælan døydde 27.12.17.

I 2017 har det vore seks utvalsmøte.

## Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering

Det er ti personar tilsett i sekretariatet. Det er ikkje blitt tilsett nokon nye i 2017.

Tilsette i sekretariatet:

Torill Braaten, seniorrådgivar  
Gro Hexeberg Dahl, kontorsjef  
Kjersti Falck, førstekonsulent (60 prosent)  
Anne Føskerud, seniorkonsulent  
Åse-Berit Hoffart, seniorrådgivar  
Gøril B. Lyngstad, seniorrådgivar  
Joachim Majambere, seniorrådgivar  
Anne D. Nilsen, seniorrådgivar  
Lou Cathrin Norreen, seniorrådgivar  
Turid Reiche, seniorkonsulent

Sekretariatet ligg i Oslo og er samlokalisert med Utdanningsdirektoratet.

## Nøkkeltal frå rekneskapen

Årsverk	9,6
Samla tildeling	15 560 000
Utnyttingsgrad	95,12 %
Driftsutgifter	14 789 473
Lønnsdel av driftsutgifter <sup>1</sup>	0,59 %
Lønnsutgifter per årsverk <sup>2</sup>	901 417

<sup>1</sup> Lønnsdel av driftsutgifter kjem fram ved utbetalingar til lønn delt på driftsutgifter, jf. rettleiingsnotatet Årsrapport for statlige virksomheter.

<sup>2</sup> Utbetalingar til lønn omfattar lønn til tilsette og honorar til utvalsmedlemmer. Då blir summen lønnsutgifter per årsverk for høg og misvisande når ein reknar med 9,6 tilsette.

## Kapittel III Aktivitetar og resultat i år

Kapittel III beskriv kjernen i den faglege rapporteringa til foreldreutvala. Her gjer vi greie for korleis føringane i Prop. 1 S (2015–2016) og tildelingsbrevet er følgde opp.

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er to sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehagen og heimen og samarbeid mellom skulen og heimen. Foreldreutvala skal arbeide for godt samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen og vareta foreldra sine interesser i barnehage- og skulesamanheng.

FUB er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet. FUG er forankra i opplæringslova § 11-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa og i forskrift til opplæringslova § 20-2 og er oppnemnt av Kongen i statsråd. Verkeområdet til FUG er grunnskulen og det første året i vidaregåande opplæring.

### Mål

Foreldreutvala skal arbeide for godt samarbeid mellom heimen og barnehagen/skulen og skal vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

### Del 1 Årsrapport FUB

#### *Innleiing*

Etter meir enn sju års verksemd er FUB godt kjent blant aktørar på feltet og aktuelle samarbeidspartar. Mange tek kontakt, noko som tyder på at FUB er allment kjent både i målgruppa og i media. FUB markerer seg med synspunkt i media / sosiale medium og ved å delta i debattar. FUB blir stadig invitert til å delta i nye arbeids- og referansegrupper og anna samarbeid av aktuelle aktørar.

FUB blir i aukande grad spurt om å halde foredrag for eksterne aktørar, og i 2017 heldt FUB heile 76 foredrag, primært i barnehagar, men òg på høgskular, for kommunar og fylkesmenn og på konferansar. Dette er det høgaste talet på foredrag som FUB har halde på eitt år.

2017 har vore eit år med mykje reiseverksemd, og stadig fleire foreldre og barnehagar spør oss om å halde foredrag. FUB held foredrag spesielt innanfor tre tema:

- det viktige samarbeidet mellom heim og barnehage
- medbestemningsretten til foreldra (om foreldreråd og SU og lokale foreldreutval)
- mobbing i barnehagen

I 2017 har særleg mobbing vore eit etterspurt tema. FUB har inntrykk av at både foreldre og barnehagetilsette har behov for meir kunnskap og kompetanse på dette området.

FUB gir råd og informasjon på telefon eller e-post, og i 2017 var det 309 som tok kontakt med FUB. Det er flest foreldre som tek kontakt, men òg tilsette i barnehagar eller administrasjonen av barnehagar kontaktar oss.

I 2017 har ein tredjedel av sakene handla om bekymring og utfordringar i samarbeidet med dei tilsette. Mange spør òg om korleis foreldra konkret skal organisere seg med foreldreråd, samarbeidsutval og lokale foreldreutval. FUB opplever at det er behov for meir kunnskap og kompetanse blant barnehageleiarar om medbestemningsretten til foreldra og om korleis ein kan avdekkje, førebyggje og stoppe mobbing blant barnehagebarn.

Vi har lagt vekt på hjertesakene våre, som er mobbing, kvalitet og overgangar, og vi er nøgde med at desse sakene er sentrale for departementet òg.

FUB arbeider målretta med hovudsakene. Det å få på plass ei lovbestemt bemanningsnorm og sikre jamnare kvalitet i alle barnehagar er spesielt viktig for utvalet. I 2017 har vi fleire gonger løfta fram temaet kosthald, også i media, og vi har laga eit prinsippnotat om dette temaet. FUB har òg besøkt barnehagar med vekt på matlaging og kosthald. FUB er i tillegg engasjert i ei referansegruppe om temaet i regi av Helsedirektoratet.

FUB var aktivt med i prosessen før ny rammeplan for barnehagar blei innført 1. august 2017, og vi er glade for at regjeringa arbeider for å få på plass ei nasjonal bemanningsnorm og krav om auka pedagogbemanning i barnehagen.

Arbeidet med å få omsett FUBs materiell har halde fram i 2017, og det aller meste av det skriftlege materialet FUB har utgitt til no, er omsett til nynorsk, samisk og dei fem mest brukte framandspråka i Noreg: arabisk, engelsk, polsk, somali og urdu. Omsetjingsarbeidet held fram parallelt med at nytt materiell blir utarbeidd.

Dette året har det vore fire utvalsmøte. I september blei møtet halde i Drammen, der vi besøkte ein barnehage som legg vekt på å gi eit kulturelt tilbod: Klokkergården barnehage på Spiralen, som held til i lokale som Drammen museum eig. Utvalet hadde òg møte med tilsette ved barnehageetaten i Drammen kommune.

Hausten 2017 arrangerte FUB igjen ein nasjonal foreldrekonferanse med inkludering som hovudtema. Den første dagen var programmet berre for foreldre. Dag to var eit samarbeid med barnehagepartnarane i Partnerskap mot mobbing: KS, PBL, Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Denne dagen deltok både foreldre og barnehagetilsette.

2017 har vore eit aktivt og godt arbeidsår for FUB.

*Resultatmål for 2017:*

**Verksemdsmål 1:**

Foreldreutvala gir råd og innspel til departementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen.

Styringsparameter:

- Høyringsfråsegner og råd som varetek interessene til foreldra i samarbeidet mellom barnehagen/skulen og heimen
- Synleggjering av dei prioriterte sakene til utvala

FUB har ved fleire høve uttalt seg til departementet og Utdanningsdirektoratet i aktuelle saker:

- FUB har hatt faste dialogmøte om aktuelle saker med den politiske leiinga i Kunnskapsdepartementet.
- FUB har hatt møte med departementet om enkeltsaker, til dømes om overgangen frå barnehage til skule/SFO og om forslag til ei fråsegn om retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø i barnehagen.
- FUB har òg hatt fleire møtepunkt med Utdanningsdirektoratet.
- Kontorsjefen har i tillegg regelmessig kontaktmøte med embetsverket i Kunnskapsdepartementet.

FUB svarer på alle høyringsinnspel frå Kunnskapsdepartementet og Udir som er relevante for utvalet, og får på den måten formidla synspunkta og meiningane til foreldra på nasjonalt nivå.

FUB tek dessutan initiativ til møte med offentleg sektor for å diskutere saker som utvalet er engasjert i og oppteke av. FUB nyttar seg av media og andre offentlege kanalar for å gjere meininga si kjend.

- Høyringar og meldingar 2017
  - Statsbudsjettet for 2018
  - Endringar i barnehagelova mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, skjerpa norm for pedagogisk bemanning og plikt til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO)
  - NOU 2017:6 Offentlig støtte til barnefamiliene
  - Høyring – forslag om å innføre forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet, i barnehagar og utdanningsinstitusjonar
  - Forslag til endringar i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar
  - Høyring – nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen

### **Verksemdsmål 2:**

Foreldreutvala gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen.

Styringsparameter:

- Spreie gode praksisar for samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen
- Auke bruken av digitale ressursar for å gi informasjon og rettleiing
- Vise enkeltsaker vidare til rett formell instans

FUB har i 2017 fått 309 meldingar: 130 på telefon og 179 på e-post. Tema som flest tek opp, er desse:

- 1 foreldresamarbeid, foreldreinvolvering og foreldremedverknad
- 2 det faglege innhaldet i barnehagen og organiseringa av barnegruppa og andre forhold i barnehagen
- 3 rådsorgan (foreldreråd, FAU, SU og lokale FUB)
- 4 mistriksel, mobbing og dårleg barnehagemiljø
- 5 kostpengar og betaling

Utvalet er bekymra og stiller spørsmål ved regelverksetterlevinga når så pass mange foreldre opplever at samarbeidet med barnehagen fungerer dårleg. Barnehagen er den profesjonelle parten og skal gi foreldra informasjon og opne for dialog og medverknad.

I tillegg gir FUB råd av meir uformell karakter til foreldre som tek kontakt, til dømes når FUB held foredrag eller deltek på møte og seminar med foreldre og fagtilsette til stades. Dette gir ein nærleik til brukarane og lét FUB bli kjent med kva foreldre og tilsette er opptekne av, og kva dei opplever som utfordrande i samarbeidet mellom heim og barnehage.

FUB har halde til saman 76 foredrag på ulike arenaer i 2017, for det meste i kommunar og barnehagar, på høgskular og hos fylkesmenn. FUB har òg halde foredrag på større barnehagekonferansar.

Temaet har for det meste vore mobbing i barnehagen. Både interessa for temaet mobbing i barnehagen og etterspurnaden etter foredrag om dette temaet har auka kraftig sidan i fjor: Heile 65 av foredraga har hatt mobbing som tema i 2017. FUB har òg halde foredrag om samarbeidet mellom heimen og barnehagen. Foredraga blir primært haldne av sekretariatet, men òg av utvalsmedlemmer. På foredraga har FUB til saman nådd ca. 6000 deltakarar.

5.–6. november heldt FUB ein nasjonal foreldrekonferanse på Gardermoen. Temaet for konferansen var inkludering i barnehagen. Konferansen var todelt: Den første dagen var berre for foreldra og hadde tittelen *Inkludering i barnehagen – foreldremedverknad*. Den andre dagen var fagfolk og forskarar òg inviterte, og tittelen for dagen var *Inkludering i barnehagen, kunsten å møte ein bjørn*.

Denne dagen blei arrangert i samarbeid med barnehagepartnarane i PMM: Fagforbundet, KS, PBL og Utdanningsforbundet. Den første dagen var det 100 deltakarar, og på dag to var det til saman 200 deltakarar på konferansen.

Innhaldet i konferansen handla om inkludering frå ulike perspektiv. Blant foredragshaldarane var Håvard Tjora, Ingrid Lund, Katrine Giæver, Kristin Danielsen Wolf, Camilla Otterlei og FUB.

Hovudmålet med konferansen var å auke foreldreengasjementet og gi motivasjon til det viktige samarbeidet mellom heim og barnehage/skule. Kulturinnslag med teater og song var òg ein del av konferansen.

Utvalsmedlemmene deltok både i planlegginga og gjennomføringa av konferansen. Konferansen var populær, med mange påmelde og gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

I september sende FUB post til alle barnehagar i landet. Sendinga inneheldt ein informasjonsbrosjyre om FUB, ein brosjyre om foreldresamarbeid (*Å fremje felles interesser til beste for barna*) og eit informasjonsskriv om den nye rammeplanen for barnehagar. Det siste var i samarbeid med Udir.

Nettsida til FUB, [fubhg.no](http://fubhg.no), blei i mars lansert med nytt og meir brukarvennleg design. Nettsida har hatt besøksrekord med 5332 brukarar i snitt per måned i 2017 (for elleve månader), mot 5045 i 2016, som òg var rekord.

I oktober blei det sett rekord med over 10 000 unike brukarar. Målet i strategien var 5800 unike brukarar i snitt per måned. Det har vi ikkje nådd, men vi vil halde på dette målet i 2018 òg. Nettsida blir stadig oppdatert med nyheitsstoff om FUB og relevant barnehageinformasjon.

Vi sende ut heile ti nyheitsbrev i 2017.

FUB deltok med stand på lærarstemnet i Kristiansand 19.10. og med foredrag på Østlandsk lærerstevne 4.11.

FUB opplever å vere tilgjengeleg for alle foreldre og tilsette som tek kontakt både på telefon og e-post, men òg i direkte møte når FUB held presentasjonar og foredrag i barnehagar og kommunar.

Utvalet er og har vore oppteke av å gjere seg kjent, både via media og sosiale medium og ved å sende ut eigenprodusert materiell til fylkesmenn, kommunar, barnehagar og foreldre. Det er mange som tek kontakt med FUB, og talet er stabilt. FUB har hatt fleire oppslag og lesarinnlegg i aviser, radio og TV.

Sidan FUB enno er eit relativt nytt utval og tida som barnehageforeldre er kort, vil vi framleis arbeide målretta med å gjere FUB kjent.

FUB får stadig positive tilbakemeldingar frå folk som ringjer oss og møter oss når vi er ute på ulike oppdrag. Dei fortel mellom anna at FUB er til nytte for foreldra, og at det er viktig at FUB representerer foreldrestemma. FUB har oppretta ein knapp på heimesida der brukarane kan gi utvalet tilbakemeldingar. Fram til no er det få som har nytta høvet til å gjere dette.

### **Verksemdsmål 3:**

Foreldreutvala arbeider saman med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehagen/skulen og heimen.

Styringsparameter:

- Samarbeidet gir meirverdi for heim–barnehage/skule-samarbeidet
- Deltaking i relevante arbeids- og referansegrupper

FUB har i året som er gått, vidareutvikla og utvida samarbeidet med relevante aktørar. Vi har faste møte med NAFO, Utdanningsforbundet og Barneombodet. I tillegg har vi regelmessig kontakt med Bufdir, Fagforbundet, PBL, KS, Voksne for barn, Unicef og Trygg Trafikk.

- FUG gav administrativ støtte og FUB og FUG gav økonomisk støtte til planlegginga og gjennomføringa av ein samisk foreldrekonferanse under Tråante 2017. Konferansen blei arrangert av Samisk foreldrenettverk Tråante 2017 og Senter for samiske studier, UiT. Konferansen blei òg støtta økonomisk av Sametinget og fylkeskommunane i Finnmark, Nordland og Nord-Trøndelag. Formålet med konferansen var å setje søkjelyset på rettar og god praksis og skape ein møteplass mellom fagpersonar og foreldre. Konferansen var fullteikna med venteliste og førte til fleire mindre, lokale arrangement i etterkant.
- Møte med kommunar og fylkesmenn er viktige forum for FUB, for slik når vi mange og får møte dei som har myndigheit og makt på barnehageområdet. I tillegg når FUB fram til dei som faktisk har direkte kontakt med barnehageområdet, til dømes barnehagesjefar og styrarar. I FUB har vi i år vore spesielt opptekne av å besøkje fylkesmennene som ein del av arbeidet i PMM om mobbing i barnehagen.
- Under Arendalsuka i august samarbeidde FUB om to arrangement:
  - o ein paneldebatt i samarbeid med PMM, der mellom andre kunnskapsministeren deltok
  - o foredrag om mobbing i barnehagen i samarbeid med Unicef

I 2017 har FUB delteke i desse arbeids- og referansegruppene:

- arbeidsgruppe for Partnerskap mot mobbing: seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen
- referansegruppe for kvalitet i barnehagen (KIB): seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen (avslutta sommaren 2017)
- universitets- og høgskulerådet: kontorsjef Gro Hexeberg Dahl
- referansegruppe for forskingsprosjekta i regi av Høgskolen i Oslo og Akershus (frå 2013):
  - *GoBaN*
  - *Blikk for barn* (avslutta hausten 2017)leiar Marie Skinstad Jansen og seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart
- gruppe som vel ut *Årets førebilete*: utvalsmedlem Honoratte Muhanzi Kashale
- arbeidsgruppe for samisk konferanse og samisk foreldrenettverk: utvalsmedlem Miriam Paulsen
- sametingsrådet: utvalsmedlem Miriam Paulsen
- Bufdirs råd for førebygging og foreldrestøtte: leiar Marie Skinstad Jansen
- den nasjonale rådgivingstenesta for barnehage- og skuleanlegg: utvalsmedlem Yngvar Natland, vara seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart
- arbeidsgruppe i samarbeid med Bufdir for å utarbeide ein rettleiar for barnehagetilsette («Barn og brot»): seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen
- nettverket for medbestemming i oppveksten (NEMIO): seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen

- referansegruppe for implementering av rammeplanen og kompetansestrategien: seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart
- referansegruppe for kosthald i barnehagen i regi av Helsedirektoratet: utvalsmedlem Honoratte Muhanzi Kashale
- referansegruppe for eigna tiltak i skulemiljø saker i regi av PMM: seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart
- ekspertgruppe for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging i regi av Udir: utvalsmedlem Hege Tegler
- PMM si arbeidsgruppe for barnehageaktørar: seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen
- PMM si arbeidsgruppe for Arendalsuka: seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen

FUB har opparbeidd seg eit breitt kontaktnett på overordna nivå og på landsbasis med aktuelle og relevante aktørar. Fleire av aktørane har FUB inngått konkrete samarbeidsprosjekt med både på kortvarig og langvarig basis.

FUB opplever i tillegg å ha etablert eit mangfaldig nettverk som blir teke i bruk i forskjellige samanhengar, og at også nettverket tek i bruk FUB når det er aktuelt. Til dømes arrangerte FUB workshop med styrarar for å få innspel til ein presentasjon for barnehagane om innhaldet i brosjyren «Barn og brot».

FUB meiner at resultatmålet om å samarbeide med aktuelle aktørar i samband med foreldreperspektivet langt på veg er nådd.

### *Oppsummering*

FUB har i 2017 gjennomført det tredje utvalsåret sitt. Utvalet begynner no det siste året i utvalsperioden og ser fram til å halde fram arbeidet med viktige barnehagesaker. Utvalet og sekretariatet samarbeider jamleg og tett når det gjeld avklaringar om vurderingane og standpunkta til utvalet. Det blir rekna som sær s viktig å avklare prinsipielle spørsmål med tanke på at sekretariatet iblant, ofte på kort varsel, stiller opp for utvalsmedlemmene. Også i høyringsarbeid og medieutspel arbeider ein ut frå standpunkta og innspela til utvalet, slik at stemma til utvalet er forankra i dokumenta som blir utarbeidde, sjølv om det er sekretariatet som fører dei i pennen. Hjartesakene til utvalet er styrande for verksemda, og det er viktig å gjere dei kjende ute i sektoren, mellom anna gjennom foredrag. Sidan alle i utvalet har sivile jobbar, er det gjerne nokon i sekretariatet som held desse foredraga. Temaet som er mest etterspurt, er mobbing, som har vore ei hjartesak for utvalet sidan 2012. I mange saker som ikkje er direkte lovregulerte, blir det utarbeidd prinsippnotat. Desse er førte i pennen av sekretariatet etter oppdrag, innspel og beskrivingar frå utvalet.

Mange tek kontakt med FUB, og talet er relativt stabilt. Aktiviteten elles viser at foreldra er svært opptekne av kvaliteten i barnehagen. Aktivitetsnivået i utvalet har vore høgt i år òg, og trivsel / mobbing i barnehagen har også i 2017 vore det temaet FUB har synleggjort seg mest med.

Utvalsmedlemmene har vore aktive, og FUB har markert seg godt med arbeidet sitt. FUB opplever å utnytte dei tilgjengelege ressursane på ein god og effektiv måte, og ei variert og fleksibel arbeidsform gjer at utvalet kan nå flest moglege i målgruppa. FUB vurderer òg andre måtar å nå fleire på, anten ved å presentere saker via nettsida eller ved å samarbeide med andre som er opptekne av dei same sakene.

Aktiviteten i utvalet samsvarer godt med resultatmåla for 2017.

## Del 2 Årsrapport FUG

### *Innleiing*

Foreldreutvalet for grunnsopplæringa har gjennomført det andre utvalsåret sitt med høg aktivitet. Utvalet blir kontakta av ulike medium, og synspunkta til foreldra er etterspurde. Utvalet blir òg bedt om å delta i debattar, på konferansar og i ulike referanse- og arbeidsgrupper. Det set FUG stor pris på, for då kan vi markere foreldre som ein viktig aktør i utdanningssektoren.

Både skular og foreldre kontaktar oss og ber oss om å halde foredrag. Det mest etterspurde temaet er heim–skule-samarbeid. Desse oppgåvene set utvalet stor pris på. Dei fører til at FUG blir meir kjent, og dei bidreg til betre samarbeid.

Det å gi råd til foreldre som kontaktar oss på telefon og e-post, er òg ei viktig oppgåve. FUG får innsyn i korleis samarbeidet fungerer ute i sektoren, og den enkelte familien får råd om korleis dei kan komme vidare i fastlåste og vanskelege situasjonar. Vi veit at desse spørsmåla ikkje gir noko fullstendig bilete av situasjonen når det gjeld samarbeidet mellom foreldre og skule, men det gir utvalet signal om kva område vi bør konsentrere oss om.

På bakgrunn av signal frå foreldra har FUG valt rådsorgana i skulen som eitt av dei prioriterte områda. FUG ønskjer at foreldra skal vere ein viktig samarbeidspartnar for skulen. Då må rådsorgana vere ein arena for godt samarbeid. Derfor har utvalet bedt Fylkesmannen i dei ulike fylka om å få delta på samlingar for skuleeigarar. Der har FUG formidla kor viktig samarbeidet med foreldra er, og vi har utvikla eit opplegg for skulering av tillitsvalde foreldre som er formidla til alle grunnskular.

Vi i FUG er opptekne av at dei tilsette i skulen skal ha god kompetanse på foreldresamarbeid. Derfor er lærar- og rektorutdanningane eit prioritert område. Dette arbeidet må halde fram i 2018, og det er viktig å sjå det i samheng med utviklinga av ei ny femårig lærarutdanning.

Læringsmiljø og arbeidet mot mobbing opptek utvalet. Vi er aktive deltakarar i Partnerskap mot mobbing.

Tilpassa opplæring for alle elevar opptek utvalet i stor grad. FUG legg vekt på kor viktig det er at skulen ser og verdset alle elevar. Alle elevar skal få anerkjenning for evnene, talenta og vanskanane sine. Alle elevar skal få opplæring som gir meistring og læringsutbytte.

FUG deltek i eit nordisk samarbeid med fire andre foreldreorganisasjonar. Leiarskapet har ein periode på to år og går på omgang mellom deltakarlanda. FUG-leiar Gunn Iren Müller overtok leiarskapet hausten 2016.

2017 har vore eit godt arbeidsår for utvalet, som har konsentrert seg om viktige og aktuelle saksområde i utdanningssektoren. Mange av desse sakene vil vere svært aktuelle i 2018 òg.

*Resultatmål for 2017:*

### **Verksemdsmål 1:**

**Foreldreutvala gir råd og innspel til departementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen.**

Mandatet pålegg FUG å gi høyringsfråsegner til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. I nokre samanhengar er det andre departement og direktorat som behandlar saker som gjeld heim–skule-samarbeidet. Døme på høyringar frå andre departement er saker som handlar om skulehelsetenesta, om samiskopplæring i grunnskulen og den

vidaregåande skulen og om likeverdig og inkluderande opplæring. Med innføring av femårig grunnskulelærarutdanning har det òg vore viktig for FUG å minne om at framtidige lærarar må kjenne både lovverket og gode metodar for korleis dei kan lykkast med eit godt samarbeid med foreldra, til beste for elevane.

### *Styringsparameter 1.1 Høyringsfråsegner og råd som varetek interessene til foreldra i samarbeidet mellom skulen og heimen*

FUG har gitt til saman 22 høyringssvar:

- Stortingshøyringar i Utdannings- og forskingskomiteen: 4
- Kunnskapsdepartementet: 6
- Barne-, likestillings- og diskrimineringsdepartementet: 2
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: 1
- Utdanningsdirektoratet: 4 (éi av dei lukka)
- Universitets- og høgskolerådet v/NRLU: 5

Utvalet er oppnemnt for å vareta og formidle interessene til foreldra. Erfaringane og kunnskapen til utvalsmedlemmene blir brukt aktivt for å gi innspel og høyringssvar. Det finst forskingsbasert kunnskap om kor viktig det er med godt heim–skule-samarbeid, og sekretariatet sørgjer for at utvalet er oppdatert på ny kunnskap. Dette er til saman grunnlaget for innspel og høyringssvar til myndigheiter og mot foreldre, skular, skuleeigarar og andre.

Sekretariatet har derfor lagt opp høyringsarbeidet slik at det er utvalet som er meiningsberar i høyringssvara.

I 2017 var det fleire høyringar knytte til lærarutdanningar, og i FUG er vi nøgde med at det no er læringsmål i lærarutdanningane knytte til både teori og praksis som handlar om korleis skulen møter foreldra. Det har vore eit viktig punkt for utvalet å få gjennomslag for.

### *Styringsparameter 1.2 Synleggjering av dei prioriterte sakene til utvala*

FUG har synleggjort prioriterte saker gjennom brev og i møte med KD og Utdanningsdirektoratet. FUG har mellom anna vore tydeleg på at vi ønskte å vere med når den nye overordna delen skulle behandlast. Den overordna delen handlar om formålsparagrafen, og det er innhaldet i denne foreldra opplever som det aller viktigaste i skulen.

#### **Konklusjon:**

- Utval og sekretariat samarbeider jamt og tett for å synleggjere vurderingane og standpunkta til utvalet i ulike høyringar. Høyringsfråsegner og råd som varetek interessene til foreldra i samarbeidet mellom heimen og skulen, blir vurdert som godt varetene av både utval og sekretariat.
- Utvalet vurderer at arbeidet med å synleggjere dei prioriterte sakene overfor departementet og direktoratet har vore godt. Utvalet ser likevel at FUG ikkje har nådd fram overfor departementet med tanke på å få plass i referansegruppa for den nye generelle delen, på lik linje med Elevorganisasjonen og dei andre aktørane i utdanningssektoren. Ny overordna del var det viktigaste arbeidet i grunnopplæringa for 2017, og FUG opplever at vi ikkje fekk ta del i arbeidet saman med andre partar i utdanningssektoren.

## **Verksemdsmål 2:**

### **Foreldreutvala gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehagen/skulen og heimen.**

#### *Styringsparameter 2.1 Spreie gode praksisar for samarbeid mellom skulen og heimen*

FUG har fått melding om 620 saker på telefon og e-post. I tillegg til denne rådgivinga har FUG halde foredrag på skular, i kommunar og for Fylkesmannen i dei ulike fylka. Målgruppa er foreldre, lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar. Det gir FUG eit nyttig innblikk i kva foreldra er opptekne av generelt, og kva utfordringar dei møter i samarbeidet med skulen.

FUG har saman med FUB halde kurs på Østlandsk lærerstevne, også for å rette søkjelyset på samarbeid.

I 2018 blei det òg sendt ut materiell om inkludering til alle grunnskular etter oppdrag frå Partnerskap mot mobbing. Ein oppdatert versjon av skulering av foreldrerepresentantar er òg send til alle rektorar for å bidra til auka kompetanse hos tillitsvalde foreldre.

Gode døme på foreldreengasjement og samarbeid er delt i sosiale medium og på nettsida til FUG.

Eit vesentleg grunnlag for verksemda til FUG under styringsparameter 2.1 er å ha oppdatert kunnskap om kva godt heim–skule samarbeid er, og korleis det fungerer i praksis på skular i Noreg i dag. FUG meiner at det er gjort for lite for å hente inn erfaringar og god praksis for heim–skule-samarbeidet på ein systematisk måte.

Som utval erkjenner vi at det ikkje finst god nok oversikt over korleis tilstanden er på dei 3500 skulane i Noreg, og faktisk heller ikkje over kva eit godt heim–skule-samarbeid er i praksis. FUG har ei relativt brei kontaktflate ut mot foreldre, skular, kommunar og fylke. Men vi trur ikkje vi får inn nok erfaring og kunnskap. Ressursane våre går med til å formidle eksisterande kunnskap til foreldra, og vi har ikkje hatt kapasitet til aktiv innsats for innhenting av kunnskap og erfaringar frå eit breitt lag i Skule-Noreg.

FUG håper på fleire undersøkingar og meir forskning på feltet. Samtidig må vi vurdere kva rolle FUG skal ha med omsyn til dette.

#### *Styringsparameter 2.2 Auka bruk av digitale ressursar for å gi informasjon og rettleiing*

I 2017 har vi igjen sett besøksrekord på nettsida fug.no med 11 622 unike brukarar i snitt per månad. Det er 1371 fleire i snitt per månad enn året før, og 822 unike brukarar over målet i strategien (10 800 unike brukarar).

Toppmånaden i 2017 var februar, med nesten 20 000 brukarar. På andre plass kom september, med 17 500 unike brukarar, mens vi i juni hadde over 14 000 unike brukarar.

FUG har sett at det er eit behov for å leggje om nettsida. Både språk, struktur og fagleg oppdatering må forbeistrast for at vi skal kunne nå betre ut til foreldra. I løpet av året har sekretariatet, nettredaksjonen og ei kjernegruppe jobba vidare med å redesigne nettsida. Dette arbeidet held fram i 2018.

FUG har vore synleg med synspunkt i media og sosiale medium og har i 2017 handtert til saman 80 mediasaker. Leiaren og medlemmene i FUG har fremja utvalet sitt syn i riks- og lokalmedia i saker som ny mobbelov, SFO-kvalitet, obligatoriske foreldremøte og heim–skule-samarbeidet som tema i lærarutdanninga.

Vedtaka og høyringssvara til FUG i sentrale saker blir òg publiserte i sosiale medium og på nettsida.

FUG har sendt ut seks nyheitsbrev i 2017.

#### *Styringsparameter 2.3 Vise enkeltsaker vidare til rett formell instans*

FUG sørgjer for at enkeltsaker blir viste til den rette formelle instansen der det er naturleg. Foreldre som kontaktar FUG, har ofte eit behov for hjelp som dei ikkje får dekt andre stader. Dei treng nokon å snakke med, og dei ønskjer å bli høyrde. FUG er ofte ein upartisk tredjepart. Når vi viser nokon vidare, er det som regel til skulen/rektor, kommunen, Fylkesmannen, Utdanningsdirektoratet eller Barneombodet.

#### **Konklusjon:**

FUG opplever å vere tilgjengeleg for foreldre som tek kontakt, og vi får positive tilbakemeldingar på rådgiving og rettleiing. FUG får òg gode tilbakemeldingar på foredrag og kurs som vi held for foreldre og skuletilsette.

#### **Verksemdsmål 3:**

##### **Foreldreutvala samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.**

FUG har samarbeidd med mange nasjonale instansar, mellom anna Barneombodet, Elevorganisasjonen, KS, Skolelederforbundet, Utdanningsforbundet og NAFO. Samarbeidet har skjedd i form av kontaktmøte, felles prosjekt og ulike arbeidsgrupper. I slike forum har FUG fremja foreldreperspektivet i heim–skule-samarbeidet til beste for elevane, med ein intensjon om å gjere skulekvardagen betre for alle elevar.

Dei nemnde instansane er relevante fordi arbeidet deira bidreg til informasjonsspreiing blant ulike målgrupper i praksisfeltet. Vi meiner at dette er eit viktig ledd i arbeidet for å sikre dei lovfesta rettane til elevane.

#### *Styringsparameter 3.1 Samarbeidet gir meirverdi for skule og heim-samarbeidet*

Samarbeidet med andre instansar i og utanfor utdanningssektoren har gjort arbeidet til FUG meir kjent. Det har ført til at FUG er blitt invitert til og/eller har delteke på fleire innspelsmøte.

FUG gav administrativ og økonomisk støtte til å planleggje og gjennomføre ein samisk foreldrekonferanse under Tråante 2017, arrangert av Samisk foreldrenettverk, Tråante 2017 og Senter for samiske studier, UiT. Konferansen blei òg støtta økonomisk av Sametinget og fylkeskommunane i Finnmark, Nordland og Nord-Trøndelag.

Formålet med konferansen var å setje søkjelys på rettar og god praksis og skape ein møteplass mellom fagpersonar og foreldre.

#### *Styringsparameter 3.2 Deltaking i relevante arbeids- og referansegrupper*

Med utgangspunkt i nokre døme:

**Meir samarbeid:** Deltaking i arbeidsgruppene som er knytte til PMM: Det har opna for meir samarbeid mellom FUG og nokre av partnerane, mellom anna Elevorganisasjonen, Skolelederforbundet, KS, Utdanningsforbundet og Skolenes Landsforbund.

**Opprydding i rådsorgana til skulen:** Rådsorgana til skulen er lovfesta. Men kva som er mandatet, oppgåvene og grenseoppgåvene, er noko usikkert. FUG såg behovet for å rydde opp i desse problemstillingane. Derfor inviterte utvalet relevante aktørar til eit samarbeid om dette prosjektet: Skolelederforbundet, Elevorganisasjonen, Utdanningsforbundet og KS. Det vil føre til at ulike målgrupper forstår rollene sine og ansvaret sitt, og dei kan få praktiske råd om korleis dei kan oppfylle dei.

**Hjartesone:** FUG er involvert i arbeidsgruppa for hjartesoneprosjektet, saman med mellom andre Trygg Trafikk, Helsedirektoratet og Vegdirektoratet. Det foreløpige resultatet av dette prosjektet er at fleire skular har oppretta trafikkfrie område rundt skulen, der elevar kan setjast av / ferdast fritt og trygt.

**Fagrådet for foreldrestøtte:** Rådet skal bidra til å styrkje rolla til Bufdir på oppvekst- og familiefeltet. FUG deltek saman med fagpersonar og representantar for brukarar, og rådet skal gi faglege råd om vegval og innretning av førebyggjande og foreldrestøttande tiltak på ansvarsområda til direktoratet.

I tillegg samarbeider FUG med Rosa kompetanse i foreininga FRI og har regelmessig kontakt med til dømes Lektorlaget, NAFO og Barneombodet.

#### **Konklusjon:**

- FUG meiner at resultatmålet om å samarbeide med aktuelle aktørar i samband med foreldreperspektivet langt på veg er nådd.

Utvalet og sekretariatet samarbeider jamleg og tett når det gjeld avklaringar om vurderingane og standpunkta til utvalet. Det blir rekna som særskilt viktig å avklare prinsipielle spørsmål med tanke på at sekretariatet iblant, ofte på kort varsel, stiller opp for utvalsmedlemmene. Også i høyringsarbeid og medieutspel arbeider ein ut frå standpunkta og innspela til utvalet, slik at stemma til utvalet er forankra i dokumenta som blir utvikla, sjølv om det er sekretariatet som fører dei i pennen. Hjartesakene til utvalet er styrande for verksemda, og det er viktig å gjere dei kjende ute i sektoren, mellom anna gjennom foredrag. Sidan alle i utvalet har sivile jobbar, er det gjerne nokon i sekretariatet som held desse foredraga. I mange saker som ikkje er direkte lovregulerte, blir det utarbeidd prinsippnotat. Desse er førte i pennen av sekretariatet etter oppdrag, innspel og beskrivingar frå utvalet.

### **Del 3 Verksemda til sekretariatet i 2017**

Utvala og sekretariatet arbeider saman for å nå måla i tildelingsbrevet. For å lykkast med det må det vere ein tett dialog og eit godt samarbeid. Sekretariatet førebur sakene som utvala skal arbeide med, og sørgjer for at vedtak blir følgde opp. Som rutine ser vi på om arbeidsmåtane våre er formålstenlege, og justerer slik at utvalsmedlemmene opplever at dei får utført vervet på ein god måte.

Forståing og etterleving av det statlege regelverket er grunnlaget for verksemda, og rutinane som er etablerte, blir vurderte jamleg. Sekretariatet opplever at rutinane for økonomi har vist seg å fungere godt, og fører desse vidare for å sikre god styring med økonomien. Det statlege regelverket blir formidla til utvalsmedlemmene slik at dei òg er godt kjende med dette.

*Resultatmål for 2017:*

#### **Verksemdsmål 4:**

Foreldreutvala blir drifta godt og effektivt.

Styringsparameter:

##### *4.1 Forståing og etterleving av statleg regelverk*

Sekretariatet har halde seg løpande orientert om det statlege regelverket og sørgd for at verksemda blir driven i samsvar med dette.

Dei tilsette har delteke på kurs og formidla nytt regelverk til dei andre tilsette og til utvalsmedlemmer når det er nødvendig. Sekretariatet har følgd opp og effektivisert rutinar for økonomistyring.

##### *4.2 Tilrettelegging av arbeidet til utvala*

Sekretariatet har lagt til rette for ein gjensidig dialog som sikrar god kvalitet på oppdraga til foreldreutvala. Utvala har vurdert dialogen som god.

Sekretariatet har halde utvala løpande informerte om utviklinga i sektoren. Utvalsmedlemmene har fått fagleg utvikling og held kontakt med feltet.

##### *4.3 Rolleforståing og fordeling av oppgåver mellom utvala og sekretariatet*

Sekretariatet har lagt til rette for gode prosessar ved å avklare roller og forventingar. FUG har gjennomført ein workshop med dette temaet, og arbeidet skal vidareførast i 2018. FUB har ein årleg gjennomgang av roller og forventingar mellom utvalet og sekretariatet.

Sekretariatet har gitt utvala faglege råd og rettleiing. Utvala vurderer kompetansen til sekretariatet som god.

I samarbeid med utvala avklarar og fordeler sekretariatet oppgåvene som følgjer av mandatet. Sekretariatet støttar utvalsmedlemmene si rolle som foreldrerepresentantar.

#### **Bruken av dei tildelte midlane på kap. 221 2017**

Kontoplanen til FUB og FUG

Kontoplanen følgjer retningslinjene som er gitt for statlege verksemdar.

FUB og FUG har definert ulike koststader for å kunne rapportere på høvesvis utvalsleiaren, andre utvalsmedlemmer, sekretariatet og eksterne.

Formålsdimensjonen er delt opp i hovudkategoriane rådgiving overfor myndigheitene, utoverretta verksemd mot foreldre lokalt og støtte-/verksemdsaktivitetar. Det blir gjort greie for bruken av tildelte midlar til FUB og FUG for 2017 i heile kroner. Det er ikkje kommentert for kvar enkelt transaksjon, men der store summar er rekneskapsførte. Kommentara er på kontogruppenivå.

*Kommentarar om ressursbruk*

### **Kontogruppe 50 Lønn**

Lønnsutgiftene til dei fast tilsette i sekretariatet er fordelte på ulike hovudformål, mellom anna rådgivingsrolla overfor myndigheitene, utoverretta verksemd mot foreldre og tilsette i skulen og støtte-/verksemdsaktivitetar. Sekretariatet har hatt ansvar for å setje i verk og gjennomføre tiltak og følgje opp utvala. Lønnsutgiftene dreier seg om fastlønn, overtid til fast tilsette og ekstrahjelp. Til saman er det rekneskapsført 5 826 679 kroner på desse kontoane.

### **Kontogruppe 53 Honorar**

Det faste honoraret til leiarar og nestleiarar er fordelt på rådgivingsrolla overfor myndigheitene og arbeid retta direkte mot foreldra. FUB-leiaren og FUG-leiaren har representert FUB og FUG i møte med departementet og direktoratet og andre sentrale samarbeidspartar, dei har halde foredrag og innlegg på konferansar, kurs og samlingar på kommunenivå, og dei har stått fram i media.

FUB-utvalet har hatt fire utvalsmøte i 2017. Førebuingane til FUB-møta skjer via e-post mellom sekretariat og utvalsleiaren. Honorarutgifter til møta i heile utvalet blir fordelte på hovudformåla rådgivingsverksemd mot myndigheiter.

FUB-medlemmene har delteke aktivt i høyringsarbeid og med å utforme notat/innspel til Kunnskapsdepartementet. Dei har aktivt gitt høyringssvar i saker som dreier seg om barnehage og foreldresamarbeid.

I 2017 har utvalsmedlemmene i FUB delteke i arbeids- og referansegrupper. Utvalsmedlemmene deltok på FUB-konferansen.

FUG-utvalet har hatt seks utvalsmøte. Honorarutgifter til møta i heile utvalet blir fordelte på hovudformåla rådgivingsverksemd mot myndigheiter.

FUG-medlemmene har delteke aktivt i høyringsarbeid og i utforminga av notat/innspel til departementet. Dei har gitt høyringssvar i saker som dreier seg om skule og foreldresamarbeid. Fleire av medlemmene har òg vore aktivt med i den delen av verksemda som rettar seg direkte mot skular og foreldre, til dømes skulering av tillitsvalde foreldre. FUG-medlemmene har representert foreldrestemma i ulike referansegrupper, til dømes «Fysisk læringsmiljø», «Råd for inkluderende opplæring», «Brukerforum for likeverdig opplæring», «Faglig råd for Rosa kompetanse» og «Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem». Utvalsmedlemmene deltok på den samiske foreldrekonferansen.

Til saman er det kostnadsført 1 253 516 kroner på honorar.

### **Kontogruppe 54 Arbeidsgivaravgift**

Arbeidsgivaravgifta er rekneskapsført med 1 075 185 kroner.

### **Kontogruppe 63 Leige av lokale**

Det er blitt rekneskapsført 823 000 kroner til husleige, noko som òg dekkjer reinhald, straum, resepsjonstenester, planteleige og liknande.

#### **Kontogruppe 67 Kjøp av framande tenester**

Til saman er det rekneskapsført 1 740 858 kroner på kontogruppa Kjøp av framande tenester. Det er eit mykje høgare beløp enn i 2016. FUB har støtta eit filmprosjekt som handlar om tilvenjing i barnehagen. Nokre av midlane er brukte på FUB-utsendinga til alle barnehagar i Noreg. Det har vore brukt mykje midlar på nettutviklinga til FUG.

#### **Kontogruppe 71 Kostnad og godtgjersle for reise, diett, bil og liknande**

Posten dekkjer mellom anna reise og opphald for medlemmene av FUB, FUG og sekretariatet til utvalsmøte og møte med samarbeidspartar og myndigheiter. Som nemnt under kontogruppe 53 er desse møta knytte til FUB og FUG si rolle som rådgivande organ overfor myndigheitene og til arbeid retta direkte mot foreldre og andre sentrale samarbeidspartar. Posten dekkjer òg reiser i samband med eksterne foredrag.

Til saman er det rekneskapsført 1 398 691 kroner på kontogruppe 71.

#### **Store og ressurskrevjande tiltak i 2017**

Dei samla utgiftene til FUB-konferansen var på 618 380 kroner.

FUB og FUG har materiell som blir sendt til barnehagar og skular. Det er ei oppgåve som er vidareført i 2017, men ein vurderer å tilby færre trykte publikasjonar som blir sende i posten, for å redusere portokostnaden. Kostnaden for å produsere og sende ut materiell var på 1 170 000 kroner.

#### **Avvik mellom tildelte og rekneskapsførte beløp**

FUB og FUG fekk 15 560 000 kroner i samla tildeling.

Rekneskapsførte beløp for 2017 viser at det samla forbruket var på 14 789 473 kroner, altså eit mindreforbruk av dei samla ressursane på 770 527 kroner for 2017. Det vil seie eit mindreforbruk på 4,95 prosent av den samla tildelinga. Verksemdar kan søkje overføring av ubrukne midlar på inntil 5 prosent av den opphavlege tildelinga. Søknaden er sendt til Kunnskapsdepartementet.

Det var sett eit mål om å ha eit mindreforbruk på 5 prosent.

For begge utvala har det vore avgjerande at dei tildelte midlane skal brukast i samsvar med føringane i tildelingsbrevet, og at ressursane skal utnyttast effektivt og formålstenleg.

## **Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda**

### **Verksemda si overordna vurdering av styring og kontroll**

Utvala og sekretariatet arbeider etter måla og resultatkrava som er fastsette i tildelingsbrevet, og arbeidet blir følgt opp innanfor rammene i tildelingsbrevet. Det er gjort ei risikovurdering, og året har ikkje medført vesentlege avvik frå det som blei planlagt av tiltak. Verksemda blir driven slik at ein når måla. Samla sett er måloppnåinga vurdert som god.

Krava til resultat- og rekneskapsrapportering blir følgde. Verksemda er fullservicekunde hos DFØ og følgjer metodane deira for styring og kontroll. Innføring av ny standard kontoplan medførte store utfordringar, men sekretariatet har utarbeidd ein plan og gjennomført rutineendringar som har auka kvaliteten på rekneskapsføringa. Dei tildelte midlane blir brukte effektivt og til dei tiltenkte formåla. Informasjon som ligg i rekneskapstal frå sist år, blir brukt som avgjerdsgrunnlag for å planleggje nye tiltak og ønskte resultat. Dette er med på å sikre at ein unngår overskridingar. I år igjen er det eit mindreforbruk, men det er mykje mindre enn året før. Mindreforbruket ligg innanfor 5 prosent av den samla tildelinga og er i samsvar med det planlagde resultatet for 2017. Det har vi oppnådd med tettare dialog om statusen for rekneskapen. Fortløpande vurdering av rekneskapstala har vore følgt opp med justering av aktivitetar og ein plan for tiltak som kunne setjast i verk.

Lover og reglar blir haldne. Sekretariatet held seg oppdatert på det gjeldande regelverket og formidlar det vidare til utvalsmedlemmene.

For å sikre nødvendig intern kontroll deltek leiinga og tilsette på kompetansehevande tiltak. Arbeidsprosessar og arbeidsfordeling er etablert for å sikre effektivitet, god tilgang på nødvendig informasjon og sikker handtering.

### **Vesentlege forhold ved styring og kontroll**

#### *Økonomiinstruksen til verksemda*

Det er gjort ein gjennomgang av verksemda sin økonomiinstruks i 2017, og det er gjennomført revisjon på bakgrunn av gjennomgangen. Økonomiinstruksen er under kontinuerleg vurdering internt og blir revidert. Etter at Riksrevisjonen peikte på feil ved rekneskapsføringa i 2015, er det i 2017 gjennomført ein plan for å betre kontrollen med rekneskapsføringa, og tiltaka er dokumenterte.

#### *Etiske retningslinjer for verksemda*

Det er ikkje blitt utvikla eigne etiske retningslinjer for verksemda; vi har brukt dei retningslinjene som er utvikla for staten, og som er reviderte 26.4.2012.

### **Fellesføringar**

#### *Effektivisering. Digitalisering av arbeidsprosessar og tenester*

FUB har revidert heimesida si for å gi foreldre, tilsette i barnehagar og barnehageeigarar betre og lettare tilgjengeleg informasjon. Ønsket er at dei som bruker rådgivingstenesta til FUB, skal finne svar på spørsmåla sine på heimesida. Det vil frigjere tid til andre oppgåver. FUG har òg arbeidd med å revidere heimesida, og dette arbeidet held fram i 2018.

Det er omsett ein god del tekstar til fem framandspråk. Omsetjingane kan lastast ned frå heimesidene.

Foreldrekonferansen i 2017 hadde digitalisert påmelding og evaluering.

Gevinstane ved digitalisering er at fleire brukarar får tilpassa informasjon, og dei tilsette i sekretariatet får tid til andre oppgåver.

### *Lærlingar*

På bakgrunn av erfaringane vi har hatt med «Prosjekt til fordypning» for ein elev frå Bleiker videregående skole i Asker, har vi vurdert at sekretariatet er for lite til å vareta ein lærling åleine på ein god måte. Vi søkte derfor etter andre verksemder å samarbeide med. Vi har inngått eit samarbeid om ein lærling med Opplæringskontoret for statlege verksemder, Oslo og Akershus og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Lærlingen begynte 1.5.2016, men slutta hos oss 31.3.2017 då KMD ønskte å ha han på heiltid resten av læretida. Sekretariatet har ikkje fått nokon ny lærling.

### *Tryggleik og beredskap*

I 2015 blei det utarbeidd verksemdstilpassa risiko- og sårbarheitsanalysar. Arbeidet er gjennomført i kontakt med Utdanningsdirektoratet, der sekretariatet er lokalisert. Rutinane er gjorde kjende for dei tilsette i sekretariatet. Det er utarbeidd ein krisehandteringsplan. Den er òg gjort kjend for dei tilsette. Krisehandteringsplanen blei gått gjennom våren 2017. Då blei han vurdert og justert.

Det blei gjennomført ei kriseøving 13.06.2017. Øvinga omfatta alle tilsette, og dei som var til stades då øvinga tok til, deltok. Det blei skriva rapport, og punkt til forbetring blei noterte. Risiko- og sårbarheitsanalysar og krisehandteringsplanen må reviderast når sekretariatet har flytta til Bø.

Når det gjeld informasjonstryggleiksarbeid, er sekretariatet nært knytt til Utdanningsdirektoratet. Vi har felles server og felles rutinar for tryggleik. Alle som bruker informasjonsteknologi tilknytt Utdanningsdirektoratet, pliktar å følgje informasjonstryggleikspolicyen deira og vareta krav til kvalitet når det gjeld informasjonshandtering og tryggleik.

Det gjeld òg oppfølginga av handlingsplanen for informasjonstryggleik i statsforvaltinga og dei fem tiltaksområda. Når det gjeld tiltaksområde 1, Styring og kontroll, følgjer vi reglane til Utdanningsdirektoratet. På tiltaksområde 2, Tryggleik i digitale system og tenester, er vi merksame på at den gamle programvara vår kan auke risikoen, og vi har derfor sett av midlar i 2018 til installering av ny programvare. På tiltaksområde 3, Digital beredskap, følgjer vi rutinane til Utdanningsdirektoratet. Vi vurderer det slik at tiltaksområde 4, Nasjonale felleskomponentar, ikkje gjeld for FUB og FUG. Tiltaksområde 5, Kunnskap, kompetanse og kultur, blir òg følgt opp i samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Vi legg vekt på å halde på den høge tryggleikskulturen samtidig som dei tilsette kan utføre arbeidet sitt på ein god og effektiv måte.

Dette arbeidet må òg reviderast når sekretariatet har flytta til Bø.

## **Andre krav til årsrapporten**

### *Informasjonsstrategi og gjennomføring av informasjonsoppgåver*

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG har i 2017 vore i tråd med dei strategiane utvala har vedteke for media, nett og dei sosiale media, og med proaktive medieplanar. Begge utvala har vedteke ein overordna kommunikasjonspolitik som alle strategiane er forankra i. Dei enkelte tiltaka er beskrivne for begge utvala under kapittel III.

### *Likestilling*

90 prosent av dei tilsette er kvinner; ved tilsetjingar tek ein derfor sikte på å tilsetje fleire menn. Ingen blei tilsett i 2017.

### *Helse, miljø og sikkerheit*

Anne Føskerud er verneombod for andre periode. Verneombodet og kontorsjefen gjennomførte eit 40-timars HMS-kurs våren 2011.

Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet til verksemda, er lokala nye og godt vedlikehaldne.

Sekretariatet gjorde ein ny IA-avtale i 2014. Under delmål 1 i avtalen, som er å redusere sjukefråværet, er det vesentleg å sjå arbeidet i samanheng med oppfølginga av medarbeidarundersøkinga. Eitt tiltak er éin times trening i arbeidstida kvar veke for tilsette under 60 år og to timar i veka for tilsette over 60 år.

Sjukefråværet for 2017 er på 7 prosent. Det har vore langtidssjukmelde i 2017, derfor er prosenten vesentleg høgare enn i 2016. Målet i avtaleperioden er å halde seg på fråværsprosenten for 2013, det vil seie 2,32. Dei tilsette har vore opptekne av trening, kosthald, helse og frammøte. Det har òg vore gjennomført trivselsfremjande tiltak.

Under delmål 2, som tek for seg personar med redusert funksjonsevne, er tiltaka tilrettelegging. Det er ingen tilsette med redusert funksjonsevne.

Delmål 3 tek for seg forlenging av yrkeskarrieren. I 2012 gjekk ein av dei tilsette av med pensjon. Ho var då 66 år. I 2015 gjekk endå ein av dei tilsette av med pensjon. Ho var då 67 år. Ved utgangen av 2017 er fem av ti tilsette mellom 50 og 60 år, to personar er over 60 år. Seniortiltak er ekstra fridagar i tillegg til den avtalefesta ferien.

## Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter

Barnehagelova og opplæringslova omtaler samarbeid med foreldra. Eit nært og forpliktande samarbeid er avgjerande for å realisere måla som er sette for barnehage og skule. Stadig fleire ser ut til å bli klar over kor viktig foreldresamarbeidet er. Skal vi lykkast med å få fleire som fullfører vidaregåande opplæring, må foreldra vere med og bidra til gode læringsmiljø i barnehagar og skular. Det kjem stadig nye generasjonar med foreldre til barnehagen og skulen. Men samarbeidet er ikkje alltid enkelt, og det vil framleis vere stort behov for å sørgje for at både foreldra og dei tilsette i barnehage og skule har kompetanse og får rettleiing, slik at ein kan etablere og eit godt samarbeid og halde det ved like.

Barnehagen har vore, og er framleis, i rask utvikling, og foreldrestemma må høyrast når endringar skal gjennomførast i åra som kjem. Det same gjeld for skulen. FUB og FUG er spesielle i eit internasjonalt perspektiv, men vi opplever at vi som har ansvaret for barn og unge frå 0 til 18 år, fyller ein viktig funksjon innanfor sektoren vår. FUB og FUG blir inviterte med når ulike tema i barnehage og skule skal diskutert, og synspunkta til foreldra blir lytta til og vurderte. Bidraga frå utvala blir opplevde som viktige i dag og vil ha ei sentral rolle i store endringsprosessar innanfor sektoren i åra som kjem.

Vi kan komme til å oppleve kapasitetsproblem. Begge utvala arbeider målbevisst med å bli betre kjende, og begge utvala opplever å få fleire spørsmål om å delta på arrangement, halde foredrag og hjelpe til med rådgiving. Det kan vi til ein viss grad løyse ved å utvikle heimesidene våre. FUB har lansert ein ny versjon av heimesida, og i 2018 vil begge heimesidene vere nye. Det vil gi betre informasjon om godt samarbeid mellom foreldre og barnehagar/skular.

Regjeringa har bestemt at sekretariatet for FUB og FUG skal flytte til Bø i Telemark i 2018. Det medfører store endringar i måten arbeidet blir gjennomført på. Det må etablerast nye rutinar som kompenserer for den store geografiske avstanden som blir mellom sekretariatet og alle andre samarbeidspartnarar i sektoren. Avstanden til sentrale aktørar vil medføre mykje reisetid. For å bevare eit godt samarbeid og nære relasjonar med aktørane i det store nettverket som utvala har opparbeidd, er det behov for fysiske møte. Flyttinga av sekretariatet blir derfor ei utfordring både for effektiviteten og måloppnåinga. Samtidig vil det i åra som kjem, vere stort behov for å løyse oppgåver og nå dei måla som er sette for FUB og FUG. Sekretariatet og utvala må finne gode måtar å arbeide på som kompenserer for flyttinga av sekretariatet. Tida og kostnadene som går med til å reise, vil ein måtte kompensere for med auka budsjetttrammer og oppbemanning for å halde eit høgt nok aktivitetsnivå.

FUB og FUG vurderer det slik at vi, så lenge dei økonomiske rammene er gode nok, òg på lengre sikt vil nå dei fastsette måla på ein tilfredsstillande måte.

## Kapittel VI Årsrekneskap

### Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2017

FUG blei oppretta i 1976, og FUB blei oppretta i 2010, og begge ligg under Kunnskapsdepartementet. Sekretariatet er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Utvala er rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Dei skal gi informasjon og rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagar og skular. Begge utvala samarbeider med aktuelle aktørar i utdanningssektoren. Sekretariatet støttar arbeidet til utvala. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kunnskapsdepartementet.

#### *Stadfesting*

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og økonomiske føringar i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

#### *Vurderingar av vesentlege forhold*

I 2017 var tildelinga på 14 856 000 kroner, og overføringa frå 2016 var på 704 000 kroner. Den samla disponible tildelinga var på 15 560 000 kroner. Mindreutgifta for kapittel og post 22101 driftsutgifter blei på 770 527 kroner. Utbetalingar til lønn utgjer til saman 8 653 601 kroner og til drift 6 135 872 kroner. Den rekneskapsførte husleiga er 823 000 kroner. Utgifta til kjøp av framande tenester var i 2017 på 1 740 858 kroner. Her har det vore ein auke frå 2016, då det blei brukt 932 511 kroner. FUB har støtta eit filmprosjekt som handlar om tilvenjing i barnehagen. Nokre av midlane er brukte på FUB-utsendinga til alle barnehagar i Noreg. Det har vore brukt mykje midlar på nettutviklinga til FUG.

FUB og FUG har materiell som blir sendt til barnehagar og skular. Det er ei oppgåve som er vidareført i 2017, men ein vurderer å tilby færre trykte publikasjonar som blir sende i posten, for å redusere portokostnaden. Kostnaden for å sende materiell til barnehagar og skular var i 2017 på 766 000 kroner. Utgifter til trykksaker var på 404 000 kroner.

#### *Revisjonsordninga*

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for FUB og FUG. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per i dag. Meldinga er unnateken offentleg innsyn fram til Stortinget har fått dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til utvala så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 12.03.2018

*Gro Hexeberg Dahl*

Gro Hexeberg Dahl  
kontorsjef



FORELDREUTVALGET FOR  
GRUNNOPPLÆRING  
Org. nr.: 989628011

## Riksrevisjonens beretning

Til Foreldreutvalget for grunnopplæringen og Foreldreutvalget for barnehager

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Foreldreutvalget for grunnopplæringen og Foreldreutvalget for barnehagers (FUG og FUB) årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 14 539 996 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir FUG og FUBs årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

### **Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter**

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

### **Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring**

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo, 30.04.2018

Etter fullmakt

Tora Struve Jarlsby  
ekspedisjonssjef

Thorgunn Nordstrand  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*